



Anmeldelser

Tips om medisinsk litteratur, andre bøker, filmer og elektroniske medier som bør anmeldes, sendes tidsskriftet@legeforeningen.no

Grunnleggende om musikkterapi og helsevesen

Trygve Aasgaard, red.

Musikk og helse

243 s. Oslo: Cappelen, 2006. Pris NOK 328
ISBN 82-02-24717-9



Musikk har fra tidenes morgen vært et av de terapeutiske midler mennesker har tatt i bruk for å lindre plager. I vår kulturs utvikling av en vitenskapelig medisin har mange sett musikken som et rent estetisk virkemiddel.

I etterkrigstiden har imidlertid musikk i helsevesenet fått en renessanse, særlig via musikkterapi, som først ble utviklet som eget fagfelt i USA etter den annen verdenskrig. Fra 1978 har det eksistert en egen toårig utdanning i Norge. En antologi om musikkens bidrag til helsen er naturlig i en tid der musikkterapi når inn på mange områder av helsevesenet.

Trygve Aasgaard er også en naturlig redaktør for dette prosjektet. Han har vært pioner i musikkterapi miljøet i over 20 år. Samtidig er han en av de få musikkterapeuter som også i utgangspunktet har helsefaglig bakgrunn. Han har derfor arbeidet mer enn de fleste i skjæringspunktet mellom musikkterapiens unike forutsetninger og helsevesenets premisser.

Dette er en bok rettet inn mot medisinske og pedagogiske fagmiljøer, men andre vil også kunne ha utbytte av den. Den er bredt lagt opp, med allmenne artikler om sammenhengen mellom musikk og helse skrevet av kapasiteter som Even Ruud og Gro Trondalen. Redaktøren har hentet inn sentrale aktører innen musikkterapi i medisinske spesialiteter der slik terapi særlig har fått fotfeste, som pediatri, psykiatri og geriatri. Leseren får et bredt og allsidig overblikk over hvordan musikkterapi kan brukes på forskjellige medisinske fagområder. Et eget kapittel omhandler musikkterapi i fengsel, og boken avrundes med kapitler om integrering av musikkterapi i helsearbeidet i et lokalsamfunn og noe om forskningsmetoder.

Musikk og helse er en klar, lettlest fremstilling av musikkterapien som fag og bidrar til å definere indikasjoner og arbeidsområder

for bruken innen helsevesenet. Kapitlene er skrevet i noe forskjellig stil, men leseren kan merke et stramt redigeringsarbeid som gjør at samlingen fremstår som mer helhetlig enn enkelte andre tverrfaglige antologier på engelsk fra de senere år. Det er ikke spesifikke anvisninger for helsefaglig arbeid med musikk ut fra helsevesenets synspunkt – dette er imidlertid dekket i undertegnede fagbok (1). I og med at man går dypt inn på grunnleggende premisser for bruk av musikkterapi i helsevesenet, er boken på mange måter en milepæl – ikke bare i integreringen av musikkterapi som fag på helsefaglige områder, men også i utviklingen av forståelsen av sammenhengen mellom kulturuttrykk og helse. Den gjør det klart at de mange prosjekter med musikk innen helsevesenet som har vært gjennomført i de senere år ikke er noen kortvarig bølge, men et velfundert ledd i utviklingen av et helsevesen der man legger større vekt på tverrfaglig samarbeid, pasienters og pårørendes ressurser og en underliggende «empowerment»-filosofi.

Audun Myskja

Senter for livshjelp
Ski

Litteratur

1. Myskja A. Den siste song. Bergen: Fagbokforlaget, 2006.

Helsejournalistikk

Anne Hafstad

På helse løs?

Når pressen tar pulsen på Helse-Norge. 208 s. Kristiansand: IJ-forlaget, 2006. Pris NOK 298
ISBN 82-7147-269-0

Anne Hafstad har hatt ein sentral plass i norsk helsejournalistikk i mange år. Med bakgrunn i sjukepleie, med doktorgrad og i tillegg ein sylskarp penn er det ikkje mange som har betre føresetnader for å ta pulsen på Helse-Noreg. Det er ikkje få førstesider i Aftenposten ho står bak, og det er ikkje få legar som har fått pulsauke når ho har stukke hol på verkebyllar vi burde ha gått laus på sjølve.

Hafstad fekk permisjon frå arbeidsgjevar sin i to månader for å skrive bok om helsejournalistikk. Boka er skriven først og fremst for journalistar som ønskjer å lære meir om helsejournalistikk, men ho var overraskande interessant også for ein lege som har rørt seg mange stader i helsevesenet og som også har vore i nærkamp med media.

Første delen er ei oversikt over mange ulike sentrale institusjonar i Helse-Noreg og ein gjennomgang av utviklinga i norsk helseveseneste, med vekt på dei nye helsereformene. Etter dette går forfattern over til å reflektere rundt den plassen helse har i det moderne samfunnet – om alt frå medikalisering og risikofokusering til forskning og det å få forskinga ut til folk. Gjennomgangen er sett gjennom auga til ein journalist: Kva kan vere nyttig og viktig, kva er fallgruvane? Siste delen omhandlar kritisk og gravande journalistikk. Dette er noko eg vil råde mange til å lese fordi det gir innsyn i korleis journalistar tenkjer og arbeider. Her er mykje nyttig stoff for legar som har kontakt med media. Hafstad skildrar kor viktig grundig og kritisk kjeldegransking er, kva ein risikerer med å gå for tidleg ut og kva slags ansvar som kviler på journalisten. Eit viktig poeng er korleis ein skal takle forsøk på tildekking av fakta frå maktapparatet si side. Anne Hafstad tek gjerne utgangspunkt i eigne saker og illustrerer poenga med sjølvskrivne artiklar frå Aftenposten. Sjølv om ho brukar gammalt materiale, står det seg overraskande godt, trass i at det meste er lese før. Boka ber litt preg av hastverk, det er småfeil som t.d. skrivefeil og feil i referanselista.

Det som framfor alt har vore spennande med denne boka, ved sidan av at ho gir innsikt i tankegang og arbeidsform hos ei viktig yrkesgruppe, er at Hafstad greier å legge eit metaperspektiv og eit verdiperspektiv på journalistikken. Det er det ikkje ofte at journalistane sjølv gjer på denne måten, i alle fall ikkje slik at utanforståande får innsyn i det. Eksempel frå boka er det bidraget media kjem med til sjukdomsangst og aukande pilleforbruk og det dilemmaet det er å kjempe for dei alvorleg sjuke som får nei til dyr behandling med usikker nytte når vi må prioritere for å kunne gi svake grupper det tilbodet dei har krav på. Den rolla media hadde i Mehmet-saka og dei presseetiske dilemma knytt til denne er gjennomgått. Eitisk dilemma blir underbygd ut frå Vær Varsom-plakaten, dei «etiske reglane» til journalistane.

Det er ikkje stas å bli objekt i dei kritiske reportasjane til Anne Hafstad. Korleis Aftenposten la fram kodesaka i Helse Sør, leiarlønningar, byggeskandalen på Ullevål, uheldig samrøre mellom legar og farmasøytisk industri og lønnsame avtalar med private helseforetak blir gjennomgått. Det gjer inntrykk å lese alt på nytt, og eg håpar mange vil gjere det. Difor har eg eit ønske heilt til